

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 159/2018

2021/EØS/13/37

av 6. juli 2018

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsdirektiv (EU) 2017/164 av 31. januar 2017 om fastsetjing av ei fjerde liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF, og om endring av kommisjonsdirektiv 91/322/EØF, 2000/39/EF og 2009/161/EU⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XVIII til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 3a (kommisjonsdirektiv 91/322/EØF) og 16j (kommisjonsdirektiv 2000/39/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32017 L 0164:** Kommisjonsdirektiv (EU) 2017/164 av 31. januar 2017 (EUT L 27 av 1.2.2017, s. 115).”

2. I nr. 16jf (kommisjonsdirektiv 2009/161/EU) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32017 L 0164:** Kommisjonsdirektiv (EU) 2017/164 av 31. januar 2017 (EUT L 27 av 1.2.2017, s. 115).”

3. Etter nr. 16jg (rådsdirektiv 2010/32/EU) skal nytt nr. 16jh lyde:

”16jh. **32017 L 0164:** Kommisjonsdirektiv (EU) 2017/164 av 31. januar 2017 om fastsetjing av ei fjerde liste over rettleiande grenseverdiar for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF, og om endring av kommisjonsdirektiv 91/322/EØF, 2000/39/EF og 2009/161/EU (EUT L 27 av 1.2.2017, s. 115).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv (EU) 2017/164 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. juli 2018, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 27 av 1.2.2017, s. 115.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 6. juli 2018.

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

Formann